



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Ringverknadsanalyse ved avvikling av aktivitet i
Fundo Wheels AS

Economic effects analysis by the liquidation of the
Fundo Wheels AS activity

Neset, Ingrid Kreken

BO6-2011 Bacheloroppgåve våren 2020

FØS / IØA / Økonomi og administrasjon

Rettleiar: Leiv Trygve Opstad

Innleveringsdato; 14.mai 2020

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Denne bacheloroppgåva er skriven i forbindelse med avsluttande utdanning i økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet for studieåret 2019/2020.

Bakgrunn for val av oppgåve var eit ynskje om å skrive ei oppgåve relevant innanfor samfunnsøkonomi, basert på mi treårig utdanning i økonomi og administrasjon, samt personleg tilknytning til Høyanger kommune.

Høyanger er eit lite lokalsamfunn med fåtal innbyggjarar. Kommunen har gjennom tida satsa stort på industri og husar i dag blant anna aluminiumsfabrikken Hydro. Ved fleire anledningar har bygda vore i fare for å miste viktige aktørar innanfor næringslivet, og befolkninga er redde for konsekvensane. Tilbake til 2009 vart det åpna konkurs for industri verksemda Fundo Wheels AS, og kroken på døra fekk fleire konsekvensar.

Skapte konkursen økonomiske ringverknader for kommunen og lokalsamfunnet? Skapte verksemda grunnlag for arbeidsplassar i andre bedrifter i regionen? Kan det tenkjast at konkursen og gjorde det mindre attraktivt å bu og etablere seg i bygda? Dette er spørsmål som eg har drøfta i bacheloroppgåva.

Eg vil gjerne få takke min rettleiar Leiv Trygve Opstad, for gjennom semesteret å ha vore ein god støttespelar og vore til hjelp der eg sjølv har stått fast. Eg vil og takke mine respondentar, og ein spesiell takk til ordførar Petter Sortland for han sitt samarbeid.

Samandrag

Studiet er gjennomført med hensikt på å kartlegge Fundo Wheels AS si verdiskaping og ringverknader på regionen. For å svare på den aktuelle problemstillinga har eg nytta litteraturstudium og dokumentanalyse med bruk av intervju tilpassa offentleg sektor, Fundo Wheels AS og lokale verksemder. I oppgåva er det lagt mest vekt på å presentere eit rammeverk for klassifisering av ringverknader, og konsekvensane av dette.

Verksemda i seg sjølv bidreg til sysselsetjing, verdiskaping og ringverknader i form av underleveransar og forbruk generert av inntekter frå direkte og indirekte sysselsetjing. Konklusjonen viser at Fundo Wheels AS i 2007 hadde ei netto verdiskaping på 130,4 millionar kroner. Dei bidrog med kommunale inntekter på 27 millionar kroner og i overkant av 105 millionar i lønnsinntekter til arbeidarar i kommunen. Delar av desse midlane vart seinare lagt att i regionen gjennom lokale investeringar og betaling av kommunale tenester, og har difor hatt stor betyding for lokalsamfunnet. Eg har konkludert med at dei direkte verknadane var mogleg å måle på ein presis måte, medan dei indirekte leverandør verknadane og multiplikatorverknadane var langt vanskelegare å estimere.

I og med at Fundo Wheels AS låg i ein ganske lukka region vil det vere sannsynleg å tenkje at dei lokale ringverknadane var større for Fundo enn for verksemder i meir urbane strøk. Lange avstandar, relativt få innbyggjarar og kostbar transport grunna lite utbygd infrastruktur gjer regionen meir lukka, noko som bidrog til auka kjøp av varer og tenester frå leverandørar innanfor same region. Da Fundo var rekna som ei gjennomsnittleg hjørnesteinsbedrift, vil det vere eit sannsyn for at andre liknande verksemder og regioner vil ha mange av dei same ringverknadane.

Abstract

The following study aims to identify and assess the affects and consequences made by Fundo Wheels AS within the chosen area. In order to answer the previously stated thesis, I have used relevant research material including interviews and academic papers, published and provided by Fundo Wheels AS and local businesses affected by the liquidation of business. In the assignment, the greatest emphasis is on presenting a framework for the classification of economic effects, and the consequences of this.

The activities in themselves contributed to employment, value creation and economic effect in the form of subcontracting and consumption generated by direct and indirect employment income. The conclusion shows that Fundo Wheels AS in 2007 had a net value creation of NOK 130.4 million. They contributed NOK 27 million to municipal income and just over 105 million in salary income for workers in the municipality. Parts of these funds had further significance for the region through local investments and payment of municipal services and have therefore been of great importance to the local community. By using material and sources relevant to my thesis, I have concluded that only the directly profitable businesses were measurable, whilst the smaller and indirect businesses prompted to be hard to estimate. As an overall impression and conclusion, it is obvious that Fundo Wheels AS was a major business conglomerate in their region.

Given that Fundo Wheels AS was located in a fairly closed region, it is likely that the local economic effects are greater for Fundo than for enterprises in more urban areas. Long distances, relatively few residents and expensive transport of goods due to poorly developed infrastructure makes the region more closed, something that contributes to increased purchases of goods and services from suppliers within the same region. Considering Fundo as your average cornerstone business, it is natural to believe that similar establishments and regions will have the same consequences financially such as Fundo had on their area.

Figur- og tabelliste

Figur 2.1 *Effekten av nyetableringar*

Figur 2.2 *Regionøkonomisk ringverknadsmodell*

Tabell 4.1 *Resultatregnskap for Fundo Wheels AS for åra 2006-2007*

Tabell 4.2 *Antall ansatte og andel av regionen*

Tabell 4.3 *Kostnader av Fundo i inntektsåret 2007*

Tabell 4.4 *Brutto og Netto lønn ved Fundo ved inntektsåra 2004-2007*

Tabell 5.1 *Netto verdiskaping ved Fundo Wheels, i perioden 2004-2007*

Tabell 5.2 *Sysselsette med bustad og arbeidsstad i kommunen – og pendlarar inn og ut av kommunen*

INNHALDSLISTE

KAPITTEL 1 – INNLEIING.....	6
1.1 Bakgrunn for oppgåva	6
1.2 Innleiing	6
1.3 Identifisering av problemet	7
1.4 Presentasjon av problemstilling	8
1.5 Avgrensing	9
1.6 Høyanger kommune	9
1.7 Hjørnesteinsbedrifta	10
1.8 Andre verksemdar i regionen	11
KAPITTEL 2 – TEORI	12
2.1 Regionaløkonomi	12
2.2 Kva er ringverknadsanalyse?	14
2.3 Regionaløkonomiske ringverknader	15
2.4 Ulike typar ringeverknader	17
2.5 Verdiskaping	18
2.5.1 Lønn	19
2.5.2 Skatter og avgifter	20
2.5.3 Intern verdiskaping	21
2.6 Keynesiansk multiplikatormodell	22
KAPITTEL 3- METODE.....	23
3.1 Undersøkjingsdesign	24
3.2 Val av metode	25
3.3 Datainnstilling	26
3.4 Kvalitetssikring	28
KAPITTEL 4 – EMPIRISK DATAMATERIALE GJENNOM INTERVJU	29
4.1 Direkte verknader	29
4.2 Leverandør verknader	32
4.3 Indirekte multiplikator verknader	33
4.4 Klynge verknader	35
KAPITTEL 5 – DISKUSJON OG KONKLUSJON	36
5.1 Drøfting	36
5.2 Konklusjon	39
5.3 Vidare forskning	40
REFERANSELISTE	42

KAPITTEL 1 - INNLEIING

1.1 BAKGRUNN FOR OPPGÅVA

Bacheloroppgåva har som formål å kartlegge den tapte verdiskapinga knytt til Fundo konkursen, og kva betyding den fekk for regionen. Eg vil prøve å forklare kva verknader nedlegging av ei sentral hjørnesteinsverksemd har for små bygder i Distrikts-Norge. Mi oppgåve baserer seg altså på tidlegare Fundo Wheels AS, og dei ringverknadane konkursen førte med seg for lokalsamfunnet. For å vise det vil eg foreta ei ringverknadsanalyse av konsekvensane konkursen skapte i regionen. Distrikt-Norge har lenge vore prega av negativ befolkningsutvikling, og nedlegging av sentrale verksemdar er dramatisk for små bygder. Tema er difor svært aktuelt og viktig å ta føre seg. Det er likevel ikkje berre folketalet som blir påverka av ein slik hending. Eg ynskjer dermed å sjå nærare på kva verknader ein konkurs kan ha for kommune og nærmiljøet. Fundo Wheels AS blir vidare i oppgåva omtalt som Fundo.

1.2 INNLEIING

Norge har dei seinare åra opplevd ei sterk sentralisering, dette til tross for ein aktiv distriktpolitikk. Langørgen (2007) definerer sentralisering som ein tendens til at stadig færre bur og arbeider på landsbygda og i spredtbygde strøk. Nedlegging av store verksemdar på bygda fører til mangel på arbeidsplassar, som ytterlegare fører til fråflytting og dermed auka sentralisering. Saman med tap av verksemda si verdiskaping skapar dette enorme negative verknadar på dei aktuelle bu- og arbeids-områda.

Verdiane ei verksemd skaper blir fordelt mellom dei sysselsette, eigarar, lånegivarar og stat/kommune (Idsø, 2019). Dei tilsette i verksemda mottok godtgjersle for arbeid i form av lønn, kapitaleigarar mottok renter og overskot på investeringar, og stat/kommune mottok skatteinntekter og avgifter. I tillegg vil underleverandørar motta verdiar i form av betaling ved kjøp av varer og tenester. Ved aktivitet i ei bedrift er det primært to kjelder til ringverknader. Den generelle drifta medfører direkte verknader, medan dei tilsette skapar direkte og indirekte verknader ved deira kjøp av varer og tenester, samt betaling av skatter og avgifter.

Enkelt sakt kjem dei regionaløkonomiske verknadane av ei bedrift av at regionen får tilført inntekter og verdiskaping som ein ikkje ville fått utan dei aktivitetane som bedrifta fører med seg. Store delar av Fundo si netto verdiskaping vart lagt att i regionen gjennom ringverknader og nedlegging av aktiviteten medførte difor store tap for lokalsamfunnet. Ein vesentleg forskjell på ringverknadsanalysa eg gjennomfører samanlikna med andre ringverknadsanalyser er at eg analyserer verknadane av den tapte verdiskapinga ved ei tidlegare bedrift, medan ein vanlegvis analyserer dei positive verknadane ved ei noverande bedrift eller konsern. Eg vil i oppgåva mi ta for meg Fundo og deira drift dei siste åra med aktivitet, hovudsakleg åra 2004-2008.

1.3 IDENTIFISERING AV PROBLEMET

Eg vil i denne oppgåva finne ut korleis regionen rundt ei verksemd blir påverka av ei konkurs eller nedlegging. Bilfelgfabrikken i Høyanger var største satsinga på vidareforedling av aluminium i Sogn og fjordane, og var den nest største arbeidsplassen i Høyanger. I 2006 sysselsatte fabrikken 350 menneskjer. Aktiviteten ved fabrikken har i stor grad og påverka andre lokale verksemdar. Til dømes var Fundo den viktigaste kunden til transportselskapet Per. A Øren, og Øren Hotell var mykje nytta i forbindelse med leige av møtelokale, servering og som overnattingsplass for tilreisande. Fabrikken har med andre ord bidrege sterkt til ei høg verdiskaping i eit lite samfunn. Nedlegging av ein så stor økonomisk aktør har difor truleg påverka lokalsamfunnet sterkt og bidratt til nedgangen i folketall i Høyanger kommune.

1.4 PRESENTASJON AV PROBLEMSTILLING

Ut frå informasjonen ovanfor er det naturleg å tru at Fundo konkursen har hatt stor innverknad på både samfunn og lokalbefolkning. Dette bringer meg vidare til følgjande problemstilling:

«Kva regionaløkonomiske konsekvensar har Fundo konkursen ført med seg for lokalsamfunnet?»

Dei regionale verknadane av ei kvar bedrift kan delast inn i direkte og indirekte verknader.

Direkte verknader omfattar den mest sentrale delen av verdiskapinga i ei bedrift. Verknadane utover desse direkte verknadane er dei indirekte verknadane, også kalla ringverknader.

Ringverknadane omfattar her leverandør verknader og indirekte multiplikatorverknader.

I denne analysen vil eg ta for meg følgjande verknader:

- **Direkte verknader:** Verkander ved tap av verdiar generert av den faktiske drifta i Fundo, samt tap av grunnlag for arbeid og lønn for arbeidstakarar som bur regionalt. Dei direkte verknadane tek blant anna for seg samla tal tilsette, bedrifta sine kjøp av varer og tenester, og sponsor bidrag dei ytte i nærmiljøet.
- **Leverandørverknader:** Tapet av Fundo sin etterspurnad etter varer og tenester hos verksemdar i regionen. Leverandørverknadane omhandlar endringar i omsetning og sysselsetjing for underleverandørar, samt endring i inntekter og tilgjengeleg arbeid for arbeidstakarar i dei berørte bedriftene.
- **Indirekte multiplikatorverknader:** Resultatet av ansatte i Fundo og ansatte i regionale leverandørbedrifter sin reduserte etterspurnad etter varer og tenester i regionen. Dei indirekte multiplikatorverknadane er inntekts- og konsumverknader for det offentlege og regionalt næringsliv.
- **Klyngeverknader:** Resultatet av at Fundo i kraft av sin eksistens tiltrekk seg andre verksemdar til regionen. Dette var bedrifter som ikkje nødvendigvis hadde direkte tilknytning til verksemda og er derfor ikkje ein del av leverandør- eller multiplikatorverknader.

Leverandørverknader og dei indirekte multiplikatorverknadane som kjem i følgje med ei verksemd er ofte referert til som multiplikatoreffektar, da dei kan gjere dei samla økonomiske verknadane vesentleg større enn dei direkte effektane aleine.

1.5 AVGRENSING

Eg har vidare gjort ein del avgrensingar som har våre nødvendig i henhold til oppgåva sitt omfang. Høyanger er ein del av regionen Ytre Sogn som består av i alt sju kommunar. I tillegg har kommunen hatt samanknytning mellom bustadområde og arbeidsplassen Fundo med fleire kommunar i regionen Sunnfjord. Fundo brukte lokale og regionale leverandørar og hadde tilsette frå kommunane Høyanger, Balestrand, Hyllestad, Fjaler, Gaular, Førde og Gulen.

Medan eg med stor grad av presisjon kan anslå dei direkte verknadane for Høyanger kommune i seg sjølv, vil det være ei umogleg oppgåve å lage ein fullstendig oversikt over verknadane for alle dei berørte kommunane. Ei slik kartlegging vil være svært krevjande og går utover denne oppgåva sitt omfang. Verknadane for kommunane i regionen rundt vil bli nemnt i oppgåva på eit generelt nivå, og vil soleis ikkje bli talfesta. Fokuset i oppgåva er dermed i all hovudsak avgrensa til Høyanger kommune og leverandørar med hovudverksemd i nærmiljøet. Ut i frå dette vil eg nytte ulike metodar for etter beste evne å synleggjere omfanget av verknadane.

1.6 HØYANGER KOMMUNE

Høyanger kommune er ei industribygd med folketall på 4010 personar per 1.1.2019 (SSB, 2019). Kommunen ligg i Ytre Sogn i Vestland fylke og grensar til kommunane Fjaler, Gulen, Sogndal, Vik, Modalen, Masfjorden, Gulen og Hyllestad. Administrasjonssenteret er tettstaden Høyanger. Kommunen som den står i dag vart oppretta i 1964, da Høyanger vart samanslegen med dei tidlegare kommunane Lavik og Kyrkjebø.

Om lag 90 prosent av kommunens innbyggjarar bur no på nordsida av fjorden, og da flest i tettstaden og administrasjonssenteret Høyanger, som har om lag 2500 innbyggjarar. Det har vore ei stor utvikling frå tidleg på 1900-talet, då Høyanger ikkje var meir enn ei veglaus jordbruksbygd med ca. 120 fastbuande. Vidare la enorme vasskraftressursar grunnlag for rask vekst innan aluminiumsindustri. Dette skapte arbeidsplassar og i 1930 var folketalet i Høyanger auka til over 2200. Ei stor blanding av arbeidarar frå inn- og utland utgjorde etterkvart ein småby med unik kultur, arkitektur og dialekt, og Høyanger var då ein av dei største tettstadane i fylket (Vefring, 2010).

Likevel har kommunen dei seinare åra hatt negativ folketalsvekst. I 2009 fekk kommunen status som omstillingskommune som eit resultat av Fundo konkursen. Ein omstillingskommune er ein kommune som har mista ein høg andel arbeidsplassar som ytterlegare påverka skatteinntektene til kommunen. Kommunen mottok 30 millionar kroner i omstillingsmidlar (Hestvik, 2009). Til tross for dette har kommunen dessverre ikkje klart å kompensere for dei tapte verdiane etter at Fundo stengde dørene.

1.7 HJØRNESTEINSBEDRIFTA

Felgfabrikken Fundo etablerte seg i Høyanger i 1972 og skulle vise seg å bli den nest største arbeidsplassen i Høyanger. Bedrifta var eit resultat av ÅSV sin prøveproduksjon av lågtrykksstøpte aluminiumsfelgar for bilfabrikken Saab ved anlegget sitt i Holmestrand, som altså vart flytta til Høyanger. Produksjonen starta under leiing av ingeniør Stein Erik Haslestad som hadde med seg 13 tilsette på laget. Seinare utvikla fabrikken seg og fekk store aktørar som Volvo og BMW som kundar. Dette førte til retteleg store dimensjonar over Fundo fabrikken, som i 1977 bygde det store fabrikkianlegget på Hjetland i Høyanger for vidare drift (Starheim 2014).

På denne tida hadde verksemda auka til 170 tilsette. I 1986 vart ÅSV slege saman med Hydro, og Fundo vart i 1989 omgjort til eit sjølvstendig aksjeselskap. Fabrikken fortsatte å utvida i åra framover og fekk ytterlegare store aktørar som kundar. I 1999 passerte Fundo ein million felgar i årleg produksjon, og same året vart namnet endra til Fundo Wheels AS. Til tross for dette sleit Fundo i lange periodar med dårleg økonomi grunna produksjonsproblem med stor vrakprosent i støypinga, i tillegg til store svingningar i verdsmarknaden. Dei økonomiske problema fortsatte å auke, noko som førte til fleire endringar på eigarsida gjennom åra. I 2001 var Fundo nær konkurs, og blant anna Høyanger kommune gjekk inn å kjøpte opp 70% av aksjane. I 2006 fekk Fundo nytt og avansert utstyr i lakkavdelinga, og det vart sett i gang bygging av ei ny fabrikkavdeling. Fundo hadde då omlag 350 faste tilsette. Men blant anna sterk svikt i bilsalet på verdsmarknaden førte til at Fundo vart slege konkurs januar 2009.

Med 322 faste arbeidsplassar og store investeringar i lokalsamfunn og lokale verksemdar, var Fundo rekna som ei hjørnesteinsbedrift i Høyanger kommune. Dette kjem av at verksemda var stor i forhold til det miljøet den hadde rundt seg og fordi den var avgjerande for sysselsetting og utvikling av lokalsamfunnet (Hjørnesteinsbedrift, 2014)

1.8 ANDRE VERKSEMDER I REGIONEN

Midt i Høyanger sentrum ligg to små varehus beståande av fleire butikkar, Sæbøgården og det ein kallar Coop sitt hus. Der finn ein dei to daglegvarebutikkane Coop Extra og Kiwi, samt to klesbutikkar, ein kafé og ein frisørsalong. Det er og fem andre daglegvarebutikkar i Høyanger kommune, ein på Kyrkjebø, to i Vadheim, ein i Lavik og ein på sørsida. I sentrum av Høyanger finn ein vidare to andre frisørsalongar og ytterlegare ein kafé.

Ellers i Høyanger finn ein hotella Høyanger hotell og Øren hotell, som blir brukt til blant anna konferansar, turisme og overnatting for arbeidarar som har oppdrag i kommunen. På utskipshavna i Høyanger finn ein Hydro aluminium AS. Anlegget i Høyanger vart etablert i 1917 og var då ei av dei første produksjonsstadane for primæraluminium i Norge. Hydro er største arbeidsplassen i Høyanger kommune. Også verksemda Per. A. Øren AS er etablert seg i tettstaden. Dei driv med transport i inn og utland. Selskapet er godkjent som entreprenørforretning, samt driver bil/skipsekspedisjon, oljedistribusjon og renovasjon. Sidan bedrifta blei etablert i 1925 har dei seinare utvikla seg frå å være eit lite personleg selskap, til å seinare bestå av to aksjeselskaper, Per A Øren entreprenør og Per A Øren transport. Dei fleste andre bedrifter og offentlege verksemdar i kommunen er og lokalisert i kommunesenteret.


I tillegg til dette finn ein i bygda Kyrkjebø Tronvik psykiatriske avdeling, medan bygdene på sørsida av Sognefjorden har lange tradisjonar innanfor akvakultur og jordbruk (Vefring, 2010). Høyanger vidaregåande skule er og lokalisert i området og skulen tilbyr både studiespesialisering og yrkesretta utdanning. I skuleåret 2019/2020 gjekk det 147 elevar på skulen (Taule, Johansen, 2019).

KAPITTEL 2 – TEORI

I denne delen av oppgåva vil eg presentere det eg meiner er relevant teori i forhold til oppgåva. Teorien er i hovudsak innanfor samfunnsøkonomi, med vekt på ringverknader og regional økonomi.

2.1 REGIONAL ØKONOMI

Figuren under illustrerer effekten av at ei ny bedrift etablerer seg i regionen, med fokus på endringar henholdsvis ved sysselsetting, eksport og import.



Figur 2.1: Effekten av nyetableringar. Kilde: (Armstrong & Taylor, 2000, s. 7)

Figuren over tek som nemnt for seg utgangspunktet i ein nyetablering. Sidan eg i mi oppgåve analyserer verknaden av nedlegging av ei verksemd, vil verknadane bli dei motsette. Då ei nyetablering fører til auka etterspurnad etter varer og tenester frå regionen, vil nedlegging av aktivitet føre til redusert etterspurnad. Dette kjem som følgje av mindre investeringar og mindre kjøp av innsatsvarer og tenester. Verknaden vil medføre at etterspurnad etter lokale varer og tenester minkar, og det vert mindre import til regionen. Vidare vil nedlegging føre til redusert etterspurnad etter arbeidskraft. Dette vil føre til fleire arbeidsledige og mogleg utflytting. Tap av inntekt gjer at mindre delar av inntekt blir brukt til kjøp av varer og tenester, noko som igjen fører til redusert etterspurnad etter varer og tenester. Redusert etterspurnad etter lokalproduserte varer og tenester minkar igjen etterspurnad etter arbeidskraft.

Ved kartlegging av dei regionale ringverknadane ei verksemd fører med seg kan ein spesielt nemne to former for lekkasje:

1. Kor stor del av vare- og tenestekjøpet til primærbedrifta er kjøpt frå verksemdar innanfor regionen.
2. Kor stor del av vare- og tenestekjøpet dei resterande verksemdene i verdikjeda gjer innanfor regionen.

Desto større andel av vare- og tenestekjøp som er gjort innanfor regionen, desto større blir ringverknadane i regionen. Dette kjem av at kontantstraumen startar og forblir i regionen, og dermed er det her verdiskapinga føregår.

For å beskrive ringverknadane i ein region kan ein ta utgangspunkt i bruttoregionproduktet (Y). Bruttoregionproduktet viser verdien av den samla produksjonen av ferdige varer og tenester i regionen, verdsatt til marknadspris, i ein gitt periode. I tillegg til eigenproduserte varer og tenester kjem importerte varer og tenester (M). Saman utgjer dei den samla tilgangen på varer og tenester i regionen. Desse kan anvendast til fire ulike sluttleveringar, som privat forbruk internt i regionen (C), som investeringsvarer til regionens bedrifter og verksemdar (I), som varer og tenester til bruk i offentleg forvaltning og tenesteyting (G) og som eksport til andre regionar og andre land (X). Denne samanhengen gir oss generalbudsjettlikninga for den gjeldande regionen:

$$Y = C + G + I + X - M$$

Likninga består av følgande variablar:

Y = Regionens inntekter (verdiskapinga)

C = Verdien av lokalt forbruk på varer og tenester.

G = Verdien av offentleg konsum av varer og tenester i regionen.

I = Verdien av bruttoinvesteringar i regionen.

X = Verdien av eksport av varer og tenester ut av regionen.

M = Verdien av import av varer og tenester frå andre regionar og frå utlandet.

(Armstrong & Taylor, 2000, s.8)

Som modellen visar minkar regionens inntekter desto lågare forbruket av lokale varer og tenester er, desto mindre det offentlege kjøper av varer og tenester frå regionen, desto lågare investeringane er og desto lågare verdi på nettoeksport.

2.2 KVA ER RINGVERKNADSANALYSE?

Med ringverknader av ei næring meiner me alle verknader denne næringa skapar for det resterande næringslivet. Til vanleg blir ringverknader definert som verknader som brer seg i stadig vidare kretsar (Eide., Johansen. & Øverjordet., 2013). Bedrifter har for det første ei økonomisk innsprøytingseffekt. Det vil sei at dei tilfører regionen inntekter, noko som utløyser auka etterspurnad etter varer og tenester, og påfølgjande inntekts- og aktivitetsauke i den regionale økonomien. Det blir då sirkulasjon av pengane i samfunnet. Ulike bedrifter investerer ved å kjøpe varer og tenester frå andre verksemder, noko som medfører betaling av skattar og avgifter til det offentlege. Både kapitaleigarar og andre tilsette mottak økonomiske ytelsar som dei nyttar til kjøp av varer og tenester, og vidare til å betale skattar og avgifter. Dette fører til auka inntekter til lokale bedrifter, både privat og offentleg, samt til deira kapitaleigarar og tilsette. Dei nyttar so nokon av desse inntektene til å kjøpe varer og tenester og til å betale skatter og avgifter. Det blir altså ei auke i lokalt investeringsnivå i form av auka etterspurnad etter varer og tenester og auka innbetaling av skattar og avgifter. Dette fører igjen til at privat og offentleg sektor etterspør meir arbeidskraft som gir grunnlag for auka forbruk som følge av høgare inntekter.

Pengane blir på denne måten brukt fleire gongar av forskjellige partar og bidreg til verdiskaping i alle ledd. Pengane kan tenkjast å sirkulere i det ein kallar det samfunnsøkonomiske kretsløpet. Dette kretsløpet inneberer at pengane bidreg til større verdiskaping desto fleire ledd den blir overført til. Effekten vil være større desto høgare konsumtilbøyelighet og desto meir pengar som blir investert. Dette er det vi omtalar som multiplikatoreffekten i økonomien. Ei ringverknadsanalyse har som formål å kartlegge dei økonomiske verknadane som følge av ei eller fleire verksemdar si drift, og tek for seg verdiskapinga i dei ulike ledda.

2.3 REGIONALØKONOMISKE RINGVERKNADER

Som tidlegare nemnt kan ein enkelt sei at dei regionaløkonomiske ringverknadane kjem av at regionen får tilført inntekter og verdiskaping. Desse inntektene og verdiskapinga vil ein ikkje få utan dei aktivitetane verksemda fører med seg (Sand, Carlsson, Lurfald & Sivertsen, 2014, s.18).

I denne oppgåva har eg lagt vekt på ei regionaløkonomisk ringverknadsanalyse. Fokuset i ei slik analyse er å belyse korleis aktivitet frå ei verksemd skapar grunnlag for verdiskaping. Ein ser i all hovudsak på verdiskaping i eiga verksemd, altså direkte verknader, og verdiskaping i andre verksemdar i regionen gjennom indirekte verknader. Det er den tapte verdiskapinga som følge av nedlegging av aktivitet som blir presentert i denne oppgåva. Eg har teke utgangspunkt i ein ringverknadsmodell for direkte, indirekte og «bosettings- og inntekts»-verknader. Modellen visast nedanfor:



Figur 2.2: Regionøkonomisk ringverknadsmodell (Sand, 2012)

Modellen illustrerer dei såkalla ringverknadane i tillegg til dei direkte effektane, og korleis desse forsterkar kvarandre. Ved hjelp av modellen kan ein for eksempel forklare verknadane av ein konkurs. Ei bedrift som blir lagt ned vil føre til arbeidsløyse for eigne tilsette og fall i omsetning hjå underleverandørar. Dette fører til redusert/tapt inntekt for dei arbeidsledige og dermed redusert lokal etterspurnad. Desse verknadane er direkte effektar i verksemda. Ved neste ledd kan ein oppleve nedbemanning hjå underleverandørar og vidare auke i tal arbeidsledige. Dette er ein indirekte verknad av konkursen, og kan sjåast på som leverandørverknader. Vidare kan det og tenkjast at svake lokale jobbutsikter vil føre til fråflytting og hindre tilflyttarar. Dette gjev verknader i form av redusert inntekt for kommunen og ein nedgang i etterspurnad i anna lokalt næringsliv, kalla indirekte multiplikatorverknader.

Ut frå denne modellen har eg funne det hensiktsmessig å kategorisere verknadane ved å skilje mellom direkte-, leverandør-, indirekte multiplikator- og klynge-verknader. Det modellen her tek for seg som indirekte verknader blir vidare kategorisert som leverandør verknader, og bosettings- og inntektsverknader blir indirekte multiplikatorverknader. I tillegg kjem klyngeverknadane.

2.4 ULIKE TYPAR VERKNADER

Dei ulike verknadane kan som nemnt kategoriserast som følgande:

- Direkte verknader
- Leverandør verknader
- Indirekte multiplikatorverknader
- Klyngeverknader

Ringverknader omfatta dei tre siste punkta.

Direkte verknader

Direkte verknader definerast som driftsavhengige verknader og oppstår som eit resultat av den faktiske drifta. Dette er verknader som blir påverka av antall tilsette, lønn, betalte skattar og avgifter samt lokale kjøp av varer og tenester. I tillegg kjem anna lokal og regional samhandling, som blant anna sponing og andre bidrag til etablering og vekst (Kjærland, Mathisen & Solvoll, 2012, s.51-60). Direkte verknader er lette å talfeste og ofte lett tilgjengeleg informasjon.

Leverandør verknader

Desse verknadane oppstår som følge av primærbedrifta sine kjøp av varer og tenester frå leverandørar. I forbindelse med at eg analyserer verknadane ved nedlegging vil desse verknadane omfatte tap av handel i forbindelse med den vanlege drifta før konkursen. Dette kan være i form av endringar i omsetning og sysselsetjing, endringar i inntekter og arbeidsmoglegheiter, og vidare inntekts- og konsumverknader for det offentlege og lokalt næringsliv. Lokalisering av underleverandørar vil og være av betydning i denne utgreiinga da det er verknadane for regionen som er gjenstand for denne analysen. Leverandørverknadane er den ekstra verdiskapinga som skjer i andre verksemdar i regionen som ei følge av samarbeid og leveransar til primærbedrifta. Kartlegginga bakover i verdikjeda kan være svært tidkrevjande og vanskeleg å finne (Kjærland, Mathisen & Solvoll, 2012).

Indirekte multiplikatorverknader

Dei indirekte multiplikatorverknadane kan definerast som verknader generert av forbruket som kjem som eit resultat av inntektene ved direkte verknader og leverandør verknader. Dei viser korleis bruk av verdiskaping genererer i auka verksemd i regionen gjennom aktørane kjøp av varer og tenester lokalt. Sjølve verknaden oppstår som ein konsekvens av auka konsum og investeringar, som igjen er ein konsekvens av endring i dei økonomiske ytelsane til privatpersonar og bedrifter (Kjærland, Mathisen & Solvoll, 2012). Dei indirekte verknadane er ofte referert som «multiplikatoreffektar», då dei kan gjere dei samla økonomiske verknadane vesentleg større enn dei direkte effektane åleine. Den vanlegaste metoden for å måle dette er å nytte multiplikatorar og nøkkeltall frå tidlegare studiar.

Klyngeverknader

Klyngeverknader kjem av selskapet sin lokalitet, enten på grunn av ny infrastruktur som blir skapt eller grunna effekten som oppstår i samspelet mellom aktørane og andre verksemdar. Effektane oppstår når ei verksemd påverkar andre verksemdar sitt lokaliseringsval. Det vil sei at verksemda er bidragsytar til nyetableringar, omlokaliseringar eller etablering av lokale avdelingar i regionen. Ein kan og oppnå næringsdynamisk effekt som er verknader som oppstår gjennom agglomerasjon. Det omhandlar fordelane verksemdene oppnår ved å være lokaliserte nær kvarandre, samt endra vekstbetingelsar og auka innovasjon (Stokka et al. 2013). Desse verknadane er ofte diffuse og kompliserte, og dermed vanskelege å måle (Richardsen & Bull-Berg 2016).

2.5 VERDISKAPING

Innanfor samfunnsøkonomien vil verdiskaping gjerne definerast som; «omforming av ressursar som direkte eller indirekte kan dekke behov» (Idsø, 2015). I eit regionaløkonomisk perspektiv vil fordelinga av denne verdiskapinga være viktig. Dette gjev ein indikasjon på kvar pengane blir brukt og dermed kvar dei får konsekvensar for den økonomiske aktiviteten. Det er krevjande å verdivurdere moderne verksemdar, og under 50% av verdiskapinga er synleg i sin heilskap i dagens finansrekneskap. Ein har behov for tilleggsinformasjon for å kunne forstå verksemda si fulle verdiskaping.

Verdiskaping vil sei å skape meirverdi utover den innsatsen og dei ressursar som blir sett inn. Denne meirverdien nyttast for å tilfredsstille ulike behov. Behova er subjektive og mangfaldige, dei gjev uttrykk for ulike haldningar og verdioppfatningar. Ikkje alle verdier kan målast i kroner og øre, og ikkje alle kan omsettast i ein marknad. Verdier skapast i heile samfunnet, både heime og på arbeidsplasser, i privat og offentleg sektor. For samfunnet er det den samla verdiskapinga som danner grunnlag for velferdsnivået.

Tek ein utgangspunkt i regnskapstall kan ein finne både brutto og netto verdiskaping for ei verksemd. Det er avskrivningar som vil avgjere differansen mellom disse. I regnskapet er avskrivningane trekt frå i driftsresultatet. Av den grunn kan netto verdiskaping i verksemdar uttrykkes ved følgjande likning:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{Driftsresultat} + \text{Lønnskostnader} \text{ (Dahl \& Ids\o, 2015).}$$

Det kan visast at denne samanhengen er korrekt dersom avskrivningane er lik kapitalslitasje. Avskrivningane ein nyttar vil truleg avvike noko frå den verkelege kapitalslitasjen, men den ovannemnde formelen vil som regel gi eit svar nærliggande sanninga.

Verdiane som er skapt blir vidare delt mellom dei tilsette, stat/kommune og kapitaleigarar. Kven av dei ovanfor nemnde som får verdiane, samt kor store verdier som blir skapt, er vesentleg dersom ein skal kunne sei noko om dei regionaløkonomiske verknadane av ei verksemd. På den måten kan ein sei noko om størrelsen på pengestraumane som går inn i den lokale økonomien (Dahl & Idsø, 2015).

2.5.1 LØNN

Ein kan sjå utbetalt lønn i samheng med denne likninga:

$$\text{Utbetalt lønn} = 0,633 * \text{Verksemda sine lønnskostnader}$$

Denne samanhengen kjem av variablane k lik total lønnskostnad og x brutto lønn. Med ei arbeidsgjevaravgift på 10,6% vil ein kunne vise til at $x * 1,106 = k$. Set vi netto lønn lik n , kan vi vise til $n = 0,7 * x$, som dermed gir oss $x = 1,428n$. Sett saman med likninga $x * 1,106 = k$ kjem vi fram til utbetalt lønn på 63,3 prosent av verksemda sine lønnskostnader (Dahl & Idsø, 2015).

Verksemda sine lønnskostnader er nødvendige for å kunne rekne ut kor mykje dei tilsette får utbetalt etter fråtrekt skatt. Det er netto lønn etter skatt som er disponibel for arbeidarane og det er den utbetalte lønna som skapar dei lokale ringverknadane. Store delar av den utbetalte lønna vil og bli brukt lokalt, så lenge dei tilsette er busett i kommunen eller omegn.

Arbeidsplassar i både offentleg og privat sektor er av stor verdi, men det er likevel avgjerande forskjell mellom verdiskapinga. Offentlege ytingar er ikkje sjølvfinansierande, men må betalast gjennom inntekter som er opptent i næringslivet. Det vil sei at offentleg verdiskaping er økonomisk avhengig av eit lønnsamt næringsliv.

Næringslivet skapar derimot eigne inntekter gjennom sal av produkt og tenester. Høgare verdiskaping i næringslivet gjev grunnlag for høgare skatte- og avgiftsbetalningar og dermed rom for eit styrka handlingsrom i offentleg sektor. Verdiskaping i næringslivet er derfor i stor grad ein økonomisk verdiskaping, og lønnsmda er målet på verksemda si evne til å skape økonomiske verdiar (Aaser, 1993).

2.5.2 SKATTAR OG AVGIFTER

Skattar og avgifter har som formål å finansiere den offentlege velferdsordninga. Dei blir innretta på ein slik måte at dei bidreg til høg verdiskaping og god utnytting av ressursane i samfunnet (regjeringen.no – skatter og avgifter). Midlane tilfell både stat og kommune og blir betalt av bedrifter og privatpersonar. Det offentlege får inn inntekter frå arbeidsgivaravgift, meirverdiavgift, selskapsskatt, eigedomsskatt og festeavgift. I tillegg kjem kommunale avgifter knytta til renovasjon, vann, avløp og feing m.m.

- Selskapsskatt låg på omlag 28 prosent av bedrifta sitt overskot i inntektsåret 2008. Frå og med året 2014 er skattesatsen redusert til 27 prosent. Selskapsskatten går i sin heilhet til staten. Også arbeidsgjevaravgifta går til staten (Claus, Fjærli & Walseth, 2007).
- Skatt på lønnsinntekt er på 28 prosent, der 12,8 prosent tilfell kommunen. Vidare mottek fylkeskommunen 2,65 prosent, medan staten får 12,55. Det har vore endringar i formueskatten totalt, men kommunen sin andel ligg stabilt på 0,7 prosent. I tillegg kjem toppskatt på inntekter over eit visst nivå, denne går uavkorta til staten (Lovdata, 2006).

- Inntekter frå eigedomsskatt går heilt og holdent til kommunen, og det er opp til den enkelte kommune å innføre dette. Satsen for eigedomsskatt skal være mellom 2 og 7 promille av takstgrunnlaget, som skal bli fastsatt ved taksering kvart tiande år (Regjeringen.no – direkteskatter, 2020). Dei kommunale avgifter tilfell kommunen i sin heilskap.

Ut frå samanhengen mellom lønnskostnader og netto utbetalt lønn som er vist i punkt 2.5.1 kan me finne at det offentlege får $(k-n) = 0,367k$ i arbeidsgjevaravgift og lønnskatt. I tillegg kjem selskapsskatt. Me får med det likninga:

$$\text{Skattar og avgifter} = 0,367 * \text{Lønnskostnad} + \text{Selskapsskatt}$$

I aksjeselskap er lønnskostnader og selskapsskatt offentleggjort i verksemda sitt rekneskap. Ein kan med desse tala finne kor stor del av verdiskapinga som tilfell det offentlege.

2.5.3 INTERN VERDISKAPING

Ein kan skilje mellom verdiskaping i regionen og verdiskaping internt i verksemda. Humankapital er menneskets potensiale for verdiskaping. Dette er verdien av kunnskapen medarbeidarane i verksemda har opparbeida, samt deira åtferd, motivasjon og verdiar. Også deira intellektuelle kapasitet er av verdi. Humankapital angår altså verksemda sine interne relasjonar (Rødland, 2014, s.23-25).

Denne verdien er som nemnt verdiskaping internt i verksemda. Det kan likevel tenkjast å ha betydning for lokalsamfunnet i eit tilfelle som denne oppgåva tek for seg. Ved nedlegging av aktiviteten til Fundo vil det bli frigjort arbeidskraft og kompetanse. Dette gjer at kunnskapen kan bli brukt i andre verksemder i regionen, eller til og med føre til nyetableringar. Verdien av kunnskap og arbeidskraft kan dermed bli vidareført.

2.6 KEYNESIANSK MULTIPLIKATORMODELL

Multiplikator teorien viser til at auka etterspurnad som følgje av auka investeringar, auka offentlege utgifter eller lågare skattar vil generere ein betydeleg høgare samla etterspurnad (Pettersen, 2014). Om det er ledig kapasitet vil altså auka lokale investeringar gi opphav til auka produksjon og inntekt, noko som igjen gir auka konsum, auka realinvesteringar og dermed ytterlegare auka produksjon og inntekt. Den totale inntektsaukinga vil dermed bli større enn den opprinnelege inntektsaukinga, fordi ei gitt mengde av pengane sirkulera i økonomien, og kan difor finansiere ei større mengde utgifter (Holden, 2016, s.10).

John Maynard Keynes har utarbeida fleire økonomiske teoriar. Blant dei er den keynesianske multiplikator modellen. Modellen er presentert i McCann (2001 s.149-154). Den regionale inntekta Y er gitt ved:

$$Y = C + I + G + X - M$$

C er regionalt konsum, I investeringar, G offentlege utgifter, X eksport og M import

Multiplikatoreffekten oppstår av at auka investeringar føre til auka samla etterspurnad, som igjen vil gjer at BNP aukar. Auka BNP inneber auka inntekter for hushaldningane som vidare kan tenkjast å auke sitt konsum. Auka konsum føre til auka samla etterspurnad, slik at auka BNP aukar ytterlegare. Det er denne sjølvforsterkande mekanismen som kallast multiplikatoreffekten.

KAPITTEL 3 – METODE

I dette kapitlet vil eg presentere metoden som er lagt til grunn i denne utredninga. Begrepet metode inneber å følgje ein fastsatt veg mot eit mål (Johannesen, Tufte og Christoffersen 2010, 29). Dei metodiske vala som er teke i oppgåva skal bidra til å belyse problemstillinga. I kapitlet drøftar eg valt problemstilling, samt metode for datainnsamling, analyse av datamateriale, vurdering av konklusjon og resultater.

Målet med forskning er å presentere sannferdig og gyldig empiri, med andre ord å formidle kunnskap om verkelegheita. Metode omhandlar korleis ein vil avdekke verkelegheita og korleis ein samlar inn empiri på best mogleg måte. Det blir utforma ein strategisk plan der ein har ein systematisk framgangsmåte for å innhente, tolke, analysere og presentere data (Jacobsen, 2015).

Ifølge Jacobsen (2015) skal innsamla empiri tilfredsstillende to krav: den må være gyldig og relevant, samt påliteleg og truverdig. Gyldighet og relevans betyr at empirien som blir samla inn faktisk gir svar på dei spørsmåla ein har stilt. Man skil mellom to typar gyldighet og relevans; intern gyldighet handlar om i kva grad ein kan være sikker på at konklusjonane av datamaterialet samsvarar og gjenspeglar verkelegheita, medan ekstern gyldighet seier noko om ein kan generalisere funna i utvalet til ein heil populasjon og overførast i andre samanhengar. Pålitelegheit og truverdighet betyr at undersøkinga skal være til å stole på og være gjennomført på ein tillitsvekkande måte. I denne oppgåva blir det teke i bruk to typar data, sekundær- og primærdata. Primærdata blir innhenta gjennom intervju med relevante intervjuobjekt og er hovudvekta i oppgåva, medan sekundærdata er regnskapstall og statistikk som allereie eksistera og som skal byggje oppunder innsamla primærdata.

3.1 UNDERSØKINGSDESIGN

Undersøkningsdesignet påverkar val av metode og skal gjenspegle forskingsspørsmålet og belyse valt problemstilling. Dette kan gjerast ut i frå eit intensivt eller ekstensivt opplegg. Ved eit ekstensivt opplegg går ein i breidda og studerar mange einingar med eit mål om å få fram kor vanleg eller uvanleg eit fenomen er. Motsatt vil ein ved eit intensivt opplegg ha mål om å gå i djupna på eit fenomen eller ei hending. Ei slik tilnærming gir ei detaljert og grundig forståing av korleis verkelegheita er ved å studere mange variablar og relativt få einingar (Leedy & Ormrod, 2015). Temaet og den aktuelle problemstillinga mi gir eit godt grunnlag for å nytte seg av eit intensivt opplegg.

Vidare nyttar eg ei beskrivande problemstilling ettersom eg ynskjer å få innsikt i kva verknader Fundo konkursen har hatt for verdiskapinga i Høyanger kommunen. Eg tek altså sikte på å kartlegge ringverknadar av ein bestemt aktivitet, og ynskjer med det meir innsikt i eit regionaløkonomisk spørsmål.

Eg har ikkje til hensikt å generalisere resultatet av oppgåva mi til andre verksemder i Norge. Alle verksemder genererer ulike økonomiske effektar og påverkar dei respektive lokalsamfunna på ulike måtar. Ei generalisering frå denne verksemda til ei anna tilnærma lik verksemd vil dermed kunne føre til låg validitet. På bakgrunn av dette vil eg ikkje nytte resultat eg finn til å uttale meg om andre verksemder (Jacobsen,2015).

I denne oppgåva nyttar eg altså eit intensivt, utforskande undersøkningsdesign. Det vil seie at eg går i djupna i undersøkinga og kombinerar sekundære data innsamla gjennom teori med i djupna intervju, slik at eg kan nytte kvalitative vurderingar. Eg har valt dette ettersom eg ikkje har ressursar for i oppgåva å gå i breidda og undersøke fleire einingar slik som eit ekstensivt design ville krevd. Eg meiner og at oppgåva vil gi best resultat og framstå som meir valid ved at eg vel å nytte vurderingar frå eit lågare tal respondentar, samt kjelder som direkte var påverka av konkursen, framfor å prøve å generalisere funn frå eit større tal personar/tilsette som ikkje blei påverka og innehar same kunnskap om dei økonomiske konsekvensane. I tillegg vil ein kombinasjon av teori og intervju av sentrale aktørar lettare forklare kva konsekvensar konkursen har ført med seg.

3.2 VAL AV METODE

Det blir presentert to ulike hovudtilnærmingar til metode i dette delkapittelet; kvantitativ- og kvalitativ tilnærming.

Ved kvantitativ tilnærming er hensikta å finne omfanget, hyppigheit eller utstrekninga av eit fenomen for å kunne talfeste og generalisere funna. Kvantitative data er data i form av tall og størrelsar. I økonomi treng ein talmessig grunngeving og statistikk for og kunne nytte kvantitativ metode. Den kvalitative tilnærminga kjennetegnast ved at den forhold seg til data i form av tekst, lyd og bilde. Her er det sjølve fortolkinga av innhenta data som vektleggast (Johannesen, Tufte og Christoffersen 2010, 99). Ofte finns det lite eller ingen litteratur på spørsmåla og ein ønskjer å innhente forståing og ny kunnskap om det aktuelle fenomenet.

I kvalitativ metode tek ein for seg færre antall respondentar ved å anvende meir tidkrevjande verktøy. Denne metoden passar om ein ønskjer å etablere ei djupare forståing av ei hending, og inneberer utforsking, oppdaging og beskriving av fenomenet. Dette er i tråd med den intensive metoden og er med dette motsetnaden til kvantitativ metode. Tilnærminga kan eksempelvis innehalde observasjon, intervju, fokusgrupper og analyser av dokumenter eller tekstar (Snape og Spencer, 2003). Kva metode ein vel å bruke fortel oss korleis ein bør gå til verks for å innhente eller etterprøve kunnskap.

I denne oppgåva har eg nytta intervju som hovudkjelde, men har i tillegg brukt artiklar og internettsider som kjelde til informasjon. Eg har altså innhenta informasjon om tema frå forskjellige hald. Den innhenta informasjonen frå intervjuet har eg nytta til å drøfte ringverknadane ved konkurransen. Dette er i tråd med ei kvalitativ tilnærming av metode. Vidare har eg skaffa data gjennom analyse av dei resterande kjeldene. Analyse av allerede eksisterande kjeldemateriale blir kalla dokumentanalyse (Sander, 2019). Eg har dermed nytta meg av ein kvalitativ metode, og vidare nytta dokumentanalyse for å innhente sekundærdata.

Fordelen med val av kvalitativ tilnærming er at ein kjem i djupna av eit fenomen eller ei hending. Ein kjem i kontakt med høgst aktuelle aktørar som direkte blir påverka av temaet ein studerar. Dette gir ein gode moglegheit for å innhente relevant data. Ein har og anledning til å utforme opne spørsmål med stort rom for tilleggsopplysningar og refleksjon rundt spørsmålet. Den fysiske nærleiken til respondentane kan og være ein styrke i form av høg forståing om det faktiske fenomenet forskninga gjeld. Ei kvalitativ studie har høgare grad av rigiditet og fleksibilitet, og dermed høgare tilpassingsgrad av svara ein får (Leedy & Ormrod, 2015).

Den innsamla informasjonen kan derimot være vanskeleg å behandle ved ei kvalitativ tilnærming. Mangel på standardisert tilnærming og påtvinga struktur kan føre til at analysestrukturen i liten grad er gitt. Ein kan med det oppleve mangel på oversikt og nøyaktig presisjon. I tillegg kan intervju vere tids- og kostnadskrevjande å gjennomføre, noko som kan gi begrensa anledning for å ha fleire respondentar.

Grunnen for val av metode er at eg meiner den vil gje meg gode data og setje fokus på problemstillinga på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2007, s.81).

3.3 DATAINNSAMLING

Ved innhenting av data har eg, som konkludert ovanfor, nytta meg av kvalitativ metode i form av intervju og personlege e-postar. Mine kjelder til primærdata har vore ordførar i Høyanger kommune Petter Sortland, representant frå tidlegare Fundo og Andreas Øren. Personane representera henholdsvis offentleg sektor, Fundo Wheels AS og aksjonær i den lokale verksemda Per A. Øren, som i stor grad vart påverka av aktiviteten. Kommunikasjonen har i all hovudsak foregått gjennom e-post, men og gjennom personlege møter. Det vart gjennomført opne intervju der eg blant anna fekk informasjon om kor mange årsverk bedrifta sysselsette i regionen, samarbeid med lokale verksemdar og økonomiske bidrag i kommunen. Dei resterende intervju har foregått gjennom e-post korrespondanse, og mange av spørsmåla har vore dei same, uavhengig av intervjuobjektet. Dette har eg gjort for å få ulike perspektiv og vinklingar på spørsmåla.

Spørsmåla som vart stilt til primærkjeldene var stilt med hensikt å få svar på:

- Generell fakta om den aktuelle verksemda
- Kartlegging av leverandørar og samarbeidspartnarar
- Verknader for tilsette og eigarar
- Offentlege verknader
- Verknader for sentrale leverandørar
- Meiningar om verknader frå profesjonelt og privat synspunkt
- Pendlarar

Alle respondentane fekk informasjon om at intervjuar blei gjennomført i forbindelse med ei bacheloroppgåve og at deler av det som blir sakt kan bli referert til i oppgåva. Intervjuar har i stor grad vore av typen semi-strukturert, og eg har lagt stor vekt på at respondentane skal få høve til å snakke fritt.

Vidare har eg nytta andrehandskjelder til å innhente sekundærdata i form av regnskapstall og nasjonale statistikkar. Noko av dette er tal henta frå dokument som førstehandskjeldene hadde, medan andre delar er henta frå Statistisk Sentralbyrå. Sekundærkjeldene er brukt for å supplementære data innhenta ved primærkjeldene.

Ved innhenting av sekundærdata var hensikten å finne svar på:

- Tal sysselsatte i verksemda og totalt i kommunen i det aktuelle året
- Lønnskostnader
- Kommunen sine skatteinntekter
- Sum kjøp av varer og tenester lokalt

I analysen av datamateriale vil eg gå gjennom den innsamla informasjonen og prøve å tolke kva betyding den har for spørsmåla som er gitt. Ein fortolkar empirien. I bearbeiding og utval av materiale er hovudfokuset at det er samsvar mellom problemstilling og empiri. Den kvalitative analysen vil bli bygd opp rundt empiri frå aktuelle einingar og eigne kommentarar. På denne måten kan eg bruke datamateriale for å underbygge eigne tolkingar.

Når ein hentar ut datamateriale vil det alltid kunne være svakheit. Nokon faktorar til dette kan være kommunikasjon og vanskar med tolking av spørsmål og empiri, eller mangel på oversikt og struktur ved opne intervju. Svakheit ved kvalitative tilnærmingar er kommentert i delkapittelet over.

3.4 KVALITETSSIKRING

Empirien som har blitt samla inn har som formål å kunne besvare problemstillinga «*Kva regionaløkonomiske konsekvensar har Fundo konkursen ført med seg for lokalsamfunnet?*». For at den skal kunna gjera dette best mogleg må datainnsamlinga oppfylle krava om å være påliteleg og gyldig (Jacobsen, 2015).

For at oppgåva skal være påliteleg er det viktig å unngå feilkjelder som påverkar resultatet. Då store delar av intervjuar er gjennomført ved e-post kan respondentane oppfatte eit eller fleire spørsmål som uklare. Hadde ein nytta munnlege kommunikasjonsmetodar kunne ein i større grad opna for diskusjon av tolkingar. Ei anna kjelde til feilsvar kan være tidsrommet mellom forskinga og den aktuelle hendinga. Då oppgåva tek for seg ei hending tilbake i tid kan det tenkjast at noko informasjon ikkje lengre er tilgjengeleg, eller vanskeleg å finne fram til. Ved å nytte lokale aktørar som direkte eller indirekte har blitt påverka av hendinga, sikrar eg likevel kjelder med god kjennskap til drift og verknad av mangel på aktivitet. I tillegg samla eg inn teori gjennom tilgjengeleg sekundærdata for å sjå om det er mogleg å trekkje ein konklusjon av samsvara mellom dei ulike kjeldene.

Gyldighet/validitet vil seie at det du måler er relevant for det du ynskjer å finne. Me har to typar gyldigheit; Intern gyldigheit som vil seie at funna gjev riktig inntrykk av fenomenet og ekstern gyldigheit som vil seie at funna kan generaliserast. Den indre validiteten er knytt til sjølv datainnsamlinga. Uavhengig av intervjuobjekt var fleire av spørsmåla like, dette vart gjort for å teste at respondentane oppfatta spørsmåla som tenkt. Nokon av spørsmåla kan ha blitt utforma med ei tydeleg hensikt og dermed blitt oppfatta som ledande for enkelte respondentar, som då har gjeve svar deretter. Den eksterne validiteten er i all hovudsak om funna kan generaliserast til å gjelde ein heil populasjon. Empirien i denne oppgåva kan ikkje brukast til å generalisere funna med tilsvarande studiar ettersom eg baserar meg på ei konkret verksemd i eit konkret område, og blir dermed ikkje relevant for andre. På bakgrunn av lokale og relevante respondentar meiner eg å ha god dekning i mine empiri for dei konklusjonane eg trekk.

KAPITTEL 4 – EMPIRISK DATAMATERIALE GJENNOM UTFØRDE INTERVJU

Dette kapitlet inneheld analyse av identifiserte ringverknader av den tapte verdiskapinga som følgje av Fundo konkursen. Med hensikt å forklare verknadane kategorisera eg dei som følgjande: direkte-, leverandør-, indirekte multiplikator- og klynge-verknader. Tolking av dei økonomiske ringverknadane tek utgangspunkt i eit alternativ der denne verdiskapinga fell heilt bort. Det blir ikkje teke hensyn til at arbeidskraft og dei øvrige produksjonsfaktorane ville kunne ha hatt ei alternativ utnytting i fråvær av Fundo sin aktivitet.

4.1 DIREKTE VERKNADER

Direkte verknader omhandlar tap av verdiskaping ved sjølve verksemda i sin heilskap. Eg har valt å definere netto verdiskaping som:

$$\text{Netto verdiskaping} = \text{Driftsresultat} + \text{Lønnskostnad.}$$

Verdiskapinga i verksemda fordelar seg på følgjande interessegrupper: dei tilsette som mottok lønn for sitt arbeid, stat og kommune som mottok inntekter i form av skattar og avgifter, og eigarar som mottok utbytte. Alle desse har betydning på eit regionalt nivå.

I kartlegginga er det forutsett at lønnskostnader er samansett av brutto lønn og arbeidsgjevaravgift. Høyanger kommune tilhøyrar sone 2 (skatteetaten, 2020) som inneberer at bedrifta betalte arbeidsgjevaravgift etter ein sats på 10,6 % (skatteetaten, 2020). Det er staten som får arbeidsgjevaravgifta frå bedriftene, i tillegg til skatteinntekter frå dei tilsette sine lønnsinntekter. Alle sysselsette busett i Norge er skattepliktige jf. Skatteloven § 2-1, og eg har teke utgangspunkt i ein gjennomsnittleg skattesats på 25,6% (Statistisk Sentralbyrå, 2008). Staten mottek då største del av inntektsskaten medan kommunen sjølv sit at med resten. Eg har valt å sjå vekk frå meirverdavgift då dette er indirekte skatt som i sin heilskap går til staten, og dermed har små regionale effektar for kommunen og derav lite aktuelt for mi oppgåve.

Resultatregnskapet		2006 Konsern	2006	2007 Konsern	2007
Driftsinntekter	NOK	439 132 000,-	439 132 000,-	526 481 000,-	526 481 000,-
Driftskostnader	NOK	472 652 000,-	471 862 000,-	566 196 000,-	565 318 000,-
Driftsresultat	NOK	-33 520 000,-	-32 730 000,-	-39 715 000,-	-38 837 000,-
Årsresultat	NOK	-34 231 000,-	-34 066 000,-	-45 846 000,-	-46 017 000,-

Tabell 4.1: Resultatregnskap for Fundo Wheels AS for åra 2006-2007 (Ro sammernes advokatfirma DA, 2009) .

Som tabellen visar hadde Fundo negativt driftsresultat og årsresultat for åra 2006 og 2007. Til tross for ei omsetning på omlag 500 millionar kroner per år, går Fundo i underskot siste åra i drift. Dette er mykje grunna finanskrisa og kraftige nedgangstider for bransjen på verdsbasis. I følge regnskapet for 2007 hadde verksemda gjeld på kroner 311 millionar, derav 174 millionar var langsiktig gjeld.

Det er altså tap av verdiskaping som skapar direkte verknader på eit lokalt nivå. Verknadane kjem av blant anna redusert sysselsetjing, tap av skattar og avgifter, og sponsorbidrag.

Direkte sysselsetjing

Største delen av verdiskapinga går ut som lønn til dei tilsette. Den direkte sysselsetjinga i Fundo inkluderer leiande stillingar, ingeniørar med ulik bakgrunn, skiftformenn og operatørar. Ved konkursopning var det 322 registrert faste tilsette. Om lag 100 av desse var pendlarar frå kommunane Balestrand, Gaular, Hyllestad, Førde og Fjaler. I tillegg sysselsette verksemda lærlingar og sommarvikarar. Då samtlege tilsette i Fundo var busett i regionen, gir verdiskapinga knytt til dei tilsette stor regionaløkonomisk effekt.

Kommune	Sysselsette totalt i kommunen	Andel	Sysselsette Fundo Wheels AS	Andel
Høyanger	2 102	100%	322	15,2%

Tabell 4.2: Antall tilsette og andel av regionen.

Kommunen sysselsette i overkant av 2 000 personar i 2008. Tilsette på Fundo utgjorde då omlag 15,2% av sysselsettinga i kommunen.

Skatt og avgifter

Verksemda var som aksjeselskap skattepliktig jf. Skatteloven § 2-2, første ledd, bokstav a (Skatteloven 2000). Skatt og avgift frå verksemda blir fordelt på det offentlege, mellom staten og kommunen. Staten mottok som nemnt største del av inntektsskatt og arbeidsgjevaravgift (Melby., Sparby. & Epland. 2005). Kva regionaløkonomisk effekt dette har på den offentlege aktiviteten i regionen heng saman med skattesystemet. I Norge er skattesystemet samansett på ein slik måte at bedrifter betalar svært låg andel skatt til kommunen der dei er lokalisert. Både meirverdavgift, arbeidsgjevaravgift og selskapsskatt går uavkorta til staten. Dette er grunna inntektsutjevningssystemet for kommunane i Norge, som gjennom ein meget sterk utjevningsmekanisme gjer at det er svært liten samanheng mellom størrelse på dei kommunale inntektene og dei disponible inntekter i kommunen etter inntektsutjamning (Enevold, 2019). Dette for å delvis utjevne forskjellar i skatteinntekter mellom skattesvake og skattesterke kommunar (Regjeringen, 2019). Eg tek forutsetning om at all verdiskapinga som går til staten gjennom betaling av arbeidsgivaravgift og inntektsskatt likevel er av regionaløkonomisk betydning, då den tilfelloffentleg forvaltning i regionen, som følgje av inntektsutjevningssystemet.

Skattar og avgifter som blei betalt direkte til kommunen frå Fundo var skatt på eigendom og festeavgift. Festeavgift er avgift til grunneigar av tomte, og gjekk til kommunen då dei var hovedaksjonær i selskapet som eigde tomte der Fundo hadde lager og industribygg. Då Fundo sine bygg og anlegg no er eigd av selskapet Hjetland Industripark AS, same selskapet som eig tomte, fall ikkje kommunenens inntekt på eigdommen bort ved konkursen.

Ein sit då att med avgifter knytt til vatn, avløp, renovasjon og feiing. Desse er ikkje talfesta. Også delar av inntektsskatten og formueskatten til privatpersonar tilfelloffentleg kommunen. Desse innbetalingane er ein del av dei indirekte multiplikatorverknadane som blir nærmare beskrive i kapittel 5.3.

Sponsorverksemd

I intervjuet med ordføraren i Høyanger kommune kjem det fram at Fundo bidrog med støtte til lokal kultur og idrettsaktivitetar for barn og unge. Bidraget låg på om lag 100 000 kroner per år fordelt på ulike organisasjonar. Dette var ei støtte med vesentleg verdi for kommunen og lokalsamfunnet.

4.2 LEVERANDØR VERKNADER

Leverandør verknader genererast gjennom etterspurnaden etter varer og tenester frå underleverandører i regionen.

Som tidlegare nemnt hadde Fundo samarbeid med fleire andre lokale aktørar. Avvikling av drifta førte dermed til stor arbeidsløyse i det vetle lokalsamfunnet, også utover dei direkte sysselsette i verksemda. I følgje tal frå NAV mista mellom 400 og 500 personar jobben som følgje av Fundo-konkursen (Reite, 2009). Dette var altså då både faste tilsette på Fundo, samt tilsette frå andre lokale verksemdar. Blant anna måtte transportselskapet Per A. Øren seie opp og permittere 23 tilsette. Arbeidsledigheta førte vidare til at mange arbeidarar flytta frå bygda for å få anna arbeid. I mindre kommunar, som Høyanger, merkast dette godt ved at lokale leverandørar mister betydelege kontraktar. Vidare genererer dette eit redusert behov for lokale tenester og daglege innkjøp. Dette førte opplagt til negativ verdiskaping for dei lokale daglegvarebutikkane, men og for ulike tjenesteverksemdar. Blant anna var hotellnæringa i Høyanger i stor grad nytta til konferansar og lunsjstader for Fundo. Østerbø maskin, Sogn og Fjordane reinhaldsservice og Vestlandske avlakkering er og verksemdar som hadde sterke relasjonar til Fundo. Samtlege av desse fekk store utfordringar etter konkursen i 2009.

Varekostnad	323 477 000
Andre driftskostnader	77 517 000
Sum	400 994 000

Tabell 4.3: Kostnader av Fundo i inntektsåret 200 (Ohr, 2020).

Leverandørverknadane av konkursen er resultatet av tapt etterspurnad etter varer og tenester frå Fundo i regionen. Kostnader av Fundo, i og utanfor regionen, er vist i tabellen over. Summen av varekostnad og andre driftskostnader utgjorde 400 994 000 kroner i inntektsåret 2007. Andre driftskostnader er kostnader til blant anna reklame, forsikring og straum. Det er ikkje noko konkrete data på kor stor prosentvis del av dette beløpet som utgjorde regionale vare- og tjenestekjøp. Imidlertid kjem det fram av intervjuet med Sortland at Fundo la att omlag 75 millionar kroner i lokalsamfunnet årleg. Ut frå dette kan ein anslå at om lag 18,7% av Fundo sine vare- og tjenestekjøp vart gjort i regionen. I tillegg til dei konkrete tala på vare- og tjenestekjøp opprettheldt verksemda fleire årsverk hos underleverandørar i regionen. Saman utgjør dette leverandørverknadane av Fundo konkursen, eit ledd ut i verdikjeda.

4.3 INDIREKTE MULTIPLIKATORVERKNADER

Indirekte multiplikatorverknader omfattar forbruksverknader, skatteverknader og investeringsverknader. Multiplikatorverknadane er ringverknader som oppstår som ein konsekvens av at personar som mottek godtgjering for arbeid- eller kapitalinnsats i verksemda brukar delar av denne til å etterspørje varer og tenester i regionen. Når delar av befolkninga mister inntekt eller flyttar vekk frå bygda/lokalsamfunnet, minkar etterspurnad etter varer og tenester, og dermed går det lokale investeringsnivået ned. I tråd med Keynes multiplikatormodell vil ein reduksjon i investeringane føre til ytterlegare reduksjon i inntekter for bedrifter og arbeidarar, som igjen vil kjøpe færre varer og tenester og dermed skape inntekt-reduksjon hos andre med påfølgjande reduserte investeringar, og så vidare. Den reduserte etterspurnad etter varer og tenester genererer også reduserte arbeidsplassar i andre næringar. Denne «runddansen» kallast og for multiplikatorverknader.

Dei fast tilsette i Fundo nytta seg i stor grad av lokale tilbod. Aktiviteten på fabrikkene hadde stor verdi for lokale verksemdar, som for eksempel Coop Extra og Kiwi. Det same gjaldt blant anna trelasthandelen i Høyanger som merka store endringar på etterspurnad etter Fundo-konkursen, grunna dårlegare personleg økonomi hjå folk flest. Konkursen hadde og effekt på nabokommunane, då ein del av arbeidarane hadde bustad adresse på dei aktuelle stadane. Dårligare råd fører til mindre handel, som fører til nedgang i lokalt investeringsnivå, og det genererer dermed regionale ringverknader.

Som tidlegare nemnt hadde Fundo 322 fast tilsette ved konkursopning. Dette vil då seie at over 300 menneskjer bidrog til lokal handel, men og til å betale skatt og avgifter.

År	Lønnskostnader	Arbeidsgivaravgift	Brutto lønn	Netto lønn	Inntektsskatt
2007	169 241 000	16 220 204	153 020 796	121 831 844	31 188 952
2006	139 041 000	13 325 810	125 715 190	100 092 189	25 623 001
2005	129 824 000	12 442 445	117 381 555	93 456 652	23 924 903
2004	145 141 000	13 910 439	131 230 561	104 482 931	26 747 630

Tabell 4.4: Brutto og Netto lønn ved Fundo ved inntektsåra 2004-2007 (Ohr, 2020).

Det er berre den delen av samla skatt og avgift som tilfell kommunen og nærmiljøet som er av interesse når ein skal kartleggje dei regionaløkonomiske ringverknadane av Fundo. Skatt på inntekt frå dei tilsette i Fundo utgjorde 31 188 952 kr i 2007. Av dette gjekk 12,25% til kommunen med satsar for inntektsåret 2007 (Lovdata 2007). Ein veit likevel ikkje samansetninga av skatten som dei tilsette i bedrifta totalt sett betalar til henholdsvis stat og kommune. Dette skuldast blant anna at toppskatten uavkorta går til staten. Av den grunn vil det være stor usikkerheit knytt til anslag for kommunen sine reelle skatteinntekter frå dei tilsette.

Likevel kjem det fram eit estimat av intervjuet med Petter Sortland på at Høyanger kommune mista omlag 27 millionar kroner i skatteinntekter frå dei tilsette, med utgangspunkt i inntektsåret 2008. I tillegg forårsaka konkursen at fleire andre kommunar i nærmiljøet mista skatteinntekter frå deira innbyggjarar som var tilsette i Fundo. Avviklinga av fabrikkens resulterte i store økonomiske tap av skatteinntekter, både direkte og indirekte, og hadde dermed dramatiske konsekvensar for kommunen og nærmiljøet. Skatteeffekten og den verknaden dette har på kommunen sine inntekter, har vidare verknader for offentlege konsum, kan redusere sysselsetting i kommunen og føre til reduksjon i investeringar.

Typisk målstørrelse i slike analyser er sysselsetting målt i årsverk og verdiskaping målt i kroner. Dei ulike verknadane kan syntetiseras til multiplikatorar av den direkte økonomiske stimulansen som analyserast. Eg har ikkje lukkast å framskaffe regnskapstala eg måtte ha for å kunne rekne ut ein konkret multiplikator i dette tilfellet. I dei fleste tilfelle kan ein legge til grunn at multiplikatorane normalt vil vere høgare i ein stor region med eit allsidig og integrert næringsliv enn i ein liten region med ein meir einsidig næringsstruktur.

4.4 KLYNGEVERKNADER

Klyngeverknader er verknader som oppstår når lokalisering av ei bedrift påverkar lokaliseringsvalget til andre verksemdar. Verknadane innebar altså at Fundo si plassering av lokaler påverka andre verksemdar sitt lokaliseringsval. Dette gjaldt og nyetablering av boligar i kommunen og regionen.

I Fundo sitt tilfelle var det ikkje noko tydeleg teikn på denne effekten. Det var ingen tilfelle av bedrifter som etablerte seg som ei følgje av utbygginga av industriområdet, og heller ingen registrerte tilfelle av bedrifter som flytta etter konkursen. Det er truleg sjeldan at ei bestemt verksemd er avgjerande for lokalisering av andre verksemdar om der ikkje er eit kunde/leverandørforhold mellom dei (Cooper % Smith, 2005). Derimot førte redusert etterspurnad etter boligar og tomter til reduksjon i prisar, som utelukkande er ein negativ verknad for alle som eigde eigendom og bolig i nærleiken. Det er knytt stor usikkerheit rundt anslag av den tapte verdien som følgje av dette, og det er fleire faktorar som er med å påverke verdien av eigendom og bolig.

KAPITTEL 5 - DISKUSJON OG KONKLUSJON

Denne oppgåva har som føremål å gje innblikk i kva betyding konkursen av Fundo har hatt for regionen, samt vise korleis ein utfører ein regional ringverknadsanalyse med utgangspunkt i nedlegging av ei verksemd. Målet med analysen har vore å identifisere tapet av den direkte verdiskapinga frå Fundo, og det grunnlaget verksemda ga for verdiskaping hjå underleverandørar og i det regionale næringslivet forøvrig.

5.1 DRØFTING

År	Driftsresultat	Lønnskostnader	Netto verdiskaping
2007	-38 837 000	169 241 000	130 404 000
2006	-32 730 000	139 041 000	106 311 000
2005	11 165 000	129 824 000	140 989 000
2004	17 152 000	145 141 000	162 293 000

Tabell 5.1: Netto verdiskaping ved Fundo Wheels, i perioden 2004-2007.

Verdiskapinga ved Fundo vart i all hovudsak fordelt mellom dei tilsette som fekk lønn, eigarar som fekk utbytte, og stat/kommunen som fekk betaling i form av skatter og avgifter. I 2007 vart det skapt verdiar ved Fundo på om lag 130 millionar kroner. For å seie noko om dei regionaløkonomiske ringverknadene til Fundo, vil eg vidare i dette kapittelet diskutere kva betyding desse verdiane har. Berre pengar som brukast i regionen, har verknader for regionaløkonomien.

Fundo bidrog med 322 faste arbeidsplassar til personar busette i Høyanger kommune og omegn. Plassert i ein kommune der det bur 4010 innbyggjarar, utgjer dette omlag 9 prosent av det totale folketalet i kommunen. Dette, i tillegg til indirekte arbeidsplassar som kom som følge av Fundo, gjorde at konkursen fekk store ringverknader. I følgje stortingsrepresentant Ingrid Heggø førte det til at rundt 25 prosent av arbeidsstokken i Høyanger kommune vart ramma av arbeidsledighet (Kaarbø, 2009). Nedlegginga førte vidare til at mange av dei tidlegare tilsette flytta ut av kommunen, noko som igjen førte til færre skuleelevar og dermed færre tilsette på skulen. Det same gjaldt barnehageborn og tal tilsette i barnehagar. Etterspurnad etter tenesteytande næringar og butikkar slik som frisør, daglegvarebutikk, trelastvarer og tømrrarar minka og ettersom folketalet vart redusert.

Færre tilsette ved fabrikkene ga og grunnlag for reduksjon i arbeidsplassar i andre næringer, både offentleg og privat sektor. Dette ser me på som ein multiplikatorverknad. Tapet av ei godt etablert næringsverksemd verkar negativt på befolkningsutviklinga i regionen ved at ein blir mindre attraktiv for arbeidsdyktige i alder 20-66 år. Kor stor påverknad Fundo konkursen hadde for befolkningsutviklinga er sjølvstøtt svært vanskeleg å vurdere. Dette kan ikkje målast i kroner, men påverkar trivsel og om det er mogleg å bu i kommunen.

Region/Kommune	År	Antall sysselsatte etter bosted, arbeidssted og pendlere inn/ut av kommunene				
		Sysselsatte med bosted i kommunen	Pendlere ut av kommunen	Pendlere inn til kommunen	Sysselsatte med arbeidssted i kommunen	Pendlings balanse (Innpendlere minus Utpendlere)
Høyanger	2000	2 410	470	386	2 326	-84
Høyanger	2001	2 363	461	379	2 281	-82
Høyanger	2002	2 327	379	358	2 306	-21
Høyanger	2003	2 236	348	334	2 222	-14
Høyanger	2004	2 161	316	359	2 204	43
Høyanger	2005	2 120	331	329	2 118	-2
Høyanger	2006	2 194	399	351	2 146	-48
Høyanger	2007	2 221	401	359	2 179	-42
Høyanger	2008	2 214	455	343	2 102	-112
Høyanger	2009	2 020	501	296	1 815	-205
Høyanger	2010	2 035	513	263	1 785	-250
Høyanger	2011	2 059	599	261	1 721	-338
Høyanger	2012	2 072	530	258	1 800	-272

Tabell 5.2: Sysselsette med bustad og arbeidsstad i kommunen – og pendlarar inn og ut av kommunen.

Høyanger kommune hadde i 2008 343 pendlarar inn til kommunen. Det er ikkje dermed sagt at alle som pendla inn jobba på Fundo, det var til dømes og pendlarar til Hydro Aluminium. Likevel er det viktig å merke seg talet på pendlarar mellom kommunane, då dette indikerer at regionen blei oppfatta som eit felles bu- og arbeidsmarknad. Me kan med stort sannsyn konkludere med at Høyanger mista fleire av sine pendlarane som ein verknad av Fundo konkursen. Mange av pendlarane bidrog med verdiskaping i kommunane dei kom frå, på grunn av bu- og inntektsverknadane som oppsto der. Arbeidsledigheita som oppstod påverka etterspurnad etter varer og tenester i dei aktuelle kommunane, grunna tap av inntekt. Det igjen svekka dei lokale jobbutsiktene og var med på å gjere kommunane mindre attraktive å bu i, og dermed lite aktuelle å flytte til.

Fundo omsette for omlag 500 millionar kroner per år dei siste åra i drift. Ved overskot ville ei verksemd måtte betale selskapsskatt, men dette har ingen verdi for kommuneøkonomien då det er staten som har krav på desse pengane. Skatter og avgifter utgjorde likevel ein betydeleg del av verdiskapinga, då gjennom inntektsskatt frå tilsette og eigedomsskatt. Høyanger kommune mottok omlag 27 millionar kroner i skatteinntekter frå Fundo i 2007. Det same gjaldt kommunane i regionen, med pendlarar til verksemda. Nabokommunane Balestrand og Gaular mista henholdsvis 1,9 og 2,2 millionar kroner i skatteinntekter som eit resultat av konkursen.

Dei tilsette sin bruk av utbetalt lønn påverka og den lokale økonomien. Eit nøyaktig studium av dette ville krevd at eg hadde analysert dei tilsette sin faktiske pengebruk, for å finne ut kor stor del av lønna som vart nytta lokalt og kor stor del som vart nytta til import . Import av varer omhandlar blant anna kjøp av bil, forsikring, handling på nett og så vidare. Ved å studere den faktiske pengebruken, ville ein kunne komme fram til ein multiplikator som kunne nyttast til å estimere dei indirekte ringverknadene, men dette er utanfor den tidsbruk eg har til disposisjon i oppgåva. Eg kan likevel seie noko om det. Fundo hadde i 2007 lønnskostnader på omlag 169 millionar kroner. Med føresetnad om at skatt utgjorde 30 prosent av bruttolønn vil netto utbetalt lønn etter skatt ha vore på om lag 118 millionar kroner. Sjølv om delar av pengane nødvendigvis blei lagt att i nærmiljøet, vil det og ha vore høg importdel. Pengane lekka ut, og inntektsmultiplikatoren blei derfor sterkt redusert.

Sponsing av aktivitetar i regionen har og hatt ein opplagt symbolverdi for kommunen. Ei oversikt over fordelinga av desse midlane kan eg ikkje vise til, men Fundo sponsa lokalmiljøet med omlag 100 000 kroner i året. Sponsinga av aktivitetar til lokal idrett og kultur førte til at regionen vart meir attraktiv å bu i, noko som verka positivt for lokalbefolkninga. Det kan då konkluderast med at idrettsmiljøet i bygda og vart sterkt påverka av konkursen.

Når det gjeld busetnad som følgje av indirekte verknader, har eg ikkje gjort nærare undersøkingar om korleis forbruket fordelte seg geografisk, anna enn å anta at det hadde lokal påverknad. Ved at ein person var busett i Høyanger kommune antek eg og at dei forbruksavhengige verknadane gjev utslag der, blant anna ved varehandel.

Det er og vanskeleg å anslå noko konkret om resterande verksemder sitt lokaliseringsval, og dermed dei katalytiske verknadane. Ei grundig spørjeundersøking med dei aktuelle bedriftene ville blitt for tidkrevjande. Ut i frå det eg har funne syner det ingen tydeleg effekt.

5.2 KONKLUSJON

Avviklinga av Fundo har skapt regionaløkonomiske verknader for kommunen og regionen, både direkte og indirekte. Ein kan kjenneteikne verksemda som ei hjørnesteinsbedrift, det vil sei at verksemda har hatt stor verdi for busetting og næringsliv i Høyanger kommune og regionen rundt (Nordal, 2014).

Direkte verknader av konkursen:

Fundo stilte med kompetansearbeidsplassar som har vore vanskeleg å erstatte i regionen. Verksemda ga grunnlag for 322 eigne arbeidsplassar (direkte verknader), der omlag 68,75 prosent, altså 220 sysselsette hadde si bustadadresse i kommunen. I den grad det var pendling, var det fyrst og fremst pendling frå nabokommunane Balestrand og Gaular. Nedlegging av arbeidsplassar hjå Fundo ga raskt utslag i form av utflytting frå kommunen. I tillegg opplevde kultur- og idretts-næringa i kommunen eit tap av sponsorbidrag på omlag 100 000 kroner per år. Dette kan tenkjast å ha ført til at kommunen framsto som mindre attraktiv, noko som vil ha hatt ulemper for lokalbefolkning og eventuelle innflyttarar.

Indirekte verknader av konkursen:

Ytterlegare mista omlag 100 personar frå leverandør og samarbeids-verksemder jobben som følgje av konkursen. I 2007 vart det skapt verdiar ved Fundo på 130,4 millionar kroner. Skatter og avgifter på 27 millionar kroner ga inntekter for kommunen, samt i overkant av 5 millionar i skatteinntekter til nabokommunane. Me fråvær av desse inntektene fekk kommunen behov for hjelp frå statleg hald, og dei mottok i ettertid over 10 millionar kroner i skjønns- og omstillings- midlar. Utbetalt lønn, der eg legg til grunn at skatt er 25,6 prosent av bruttolønn, var på 105 911 018 kroner i 2007. Frå tilsette med bustadadresse i regionen blei delar av desse pengane lagt att i lokale områder. Pengane blei lagt att i form av blant anna daglegvarekjøp og betaling av kommunale tenester som barnehage, tannlege, straum osv. Tap av desse lokale investeringane skapte multiplikatorverknader for regionen.

Dei direkte verknadane er moglege å måle nokså presist, medan ringverknader er langt vanskelegare å estimere. Eg kan legge til grunn svært optimistiske føresetnader i oppgåva, som gjer at Fundo framstår som ein viktig samfunnsaktør. Eg kan på bakgrunn av analysen konkludere med at både direkte effektar og dei indirekte ringverknadane av konkursen har vore av stor regional betydning.

5.3 VIDARE FORSKING

Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg blitt merksam på områder som eg meiner er av interesse og aktuelle for vidare forskning.

Styrke og svakheiter ved oppgåva

Tema for oppgåva kan ha vore komplekst, og det har vore gjort avgrensingar ved innsamling av data. Mykje av grunnen til dette kjem av at verksemda eg analyserer er avvikla for over 10 år sidan. Dette har gjort det vanskeleg å finne aktuelle sekundærdata, som regnskapstall og statistikk. I fleire tilfelle har eg nytta meg av tal frå inntektsåret 2007, då det er desse eg har hatt tilgjengeleg. Tal frå førstehåndskjelder er derimot frå inntektsåret 2008.

Grunna corona pandemien som råka verda då eg var tidleg i oppgåveskrivinga, vart det naudsynt å gjennomføre dei fleste intervjua ved e-post. Slike intervju gjer det vanskeleg å komme med oppfølgingsspørsmål som kunne utdjupa svara frå intervjuobjektet. Blant anna kunne tydelegare spørsmål om kva lokale tenester som vart nytta, samt i kor stor grad verksemda selde varer utanlands, vore med på å styrke oppgåva. Då sal til utlandet kjem i kategorien nullsats, altså eksklusiv meirverdiavgift, ville dette hatt betydning når det gjeld skattar. For å styrke klyngeverknadane kunne eg vidare undersøkt fleire lokale verksemder med tanke på etablering og lokaliseringsval som følgje av verksemda Fundo. Det same gjeld multiplikatorverknadane som kunne komme tydelegare fram ved at fleire lokale aktørar hadde fått uttalt seg om kva konsekvensar konkursen hadde for deira drift. Dette var utanfor min tidsbruk for å skrive i oppgåva.

Oppgåva er likevel av høg pålitelegheit og gyldigheit. Eg har henta mykje informasjon gjennom empiri, både primærdata og sekundærdata. Primærdata gjennom intervju av ordførar samt andre representantar frå kommunen, tidlegare tilsette i Fundo og hjå underleverandørar, og sekundærdata gjennom ulike teoretiske datakjelder. I tillegg har delar av empiri og datakjelder bekrefta kvarandre, noko som gjev oppgåva høg validitet. Dette er faktorar som styrka oppgåva.

Vidare forskning

Gjennom arbeid med oppgåva har eg blitt merksam på områder eg meiner er aktuelle å ta med for vidare forskning. I analysen av ringverknadane nedlegginga av Fundo førde til har eg valt å la oppgåva omfatte ein større region, då det var mykje dagleg arbeids-pendling til kommunen. For ei djupare analyse kunne ein gjort analysar som omfatta kommunen åleine. Ved å avgrense oppgåva til Høyanger kommune ville det vore mogleg å gjennomføre grundigare undersøkingar av verknadane for lokale verksemdar, og dermed fått ei grundigare analyse når det kjem til leverandør-, indirekte multiplikator- og klynge-verknader.

Oppgåva er meget aktuell for tida vi no er inni. Corona pandemien har ført med seg store konsekvensar for næringslivet og verdiskaping, og kan i verste tilfelle føre til konkursar. Som oppgåva tek føre seg vil ei slik hendig skape store ringverknader for nærmiljøet. Den er ikkje berre relevant for mindre kommunar og lokalsamfunn som her er presentert, men også for dei større kommunane. Ei hendig av dette omfanget vil tilsvare omlag 50 000 arbeidsledige i hovudstaden Oslo. Dette kan være aktuelt for vidare forskning.

REFERANSELISTE

- Claus, G., Fjærli, E. & Walseth, A. (2007). statistiske analyser. *Inntekt, skatt og overføringer 2007*. Henta frå: <https://www.ssb.no/a/publikasjoner/pdf/sa97/sa97.pdf>
- Cooper, A. & Smith, P. (2005). *The Economic Catalytic Effects of Air Transport in Europe*. Eurocontrol – Experimental Centre, Oxford. Henta frå: https://www.eurocontrol.int/eec/gallery/content/public/document/eec/report/2005/025_Economic_Catalytic_Effects_of_Air_Transport_Europe%20.pdf
- Dalland, O. (2007) Metode og oppgaveskriving for studenter Olav Dalland
- Eide H., Johansen O. & Øverjordet A. (2013). Geografier. *Ringvirkninger*. Henta frå: <https://geografi-vgs.cappelendamm.no/vgsamf/begrep.html?tid=1210696>
- Enevold, H. (2019, 02. januar). Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner, inntektsutjevning. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/inntektssystemet-for-kommuner-og-fylkeskommuner/utbetaling-av-rammetilskudd-til-kommuner/inntektsutjevningen/id548665/>
- Hestvik, B. S. (2009, 24.februar) Kommunal rapport. *Høyanger får millioner i nødhjelp*. Henta frå: <https://www.kommunal-rapport.no/oekonomi/hoyanger-far-millioner-i-nodhjelp/61761!/>
- Holden, S. (2016). Makroøkonomi. *Virkning av økte investeringer*. Henta frå: <http://folk.uio.no/sholden/makrobok/kort-sikt.pdf>
- Nordal, O. (2014, 08.August) Store norske leksikon. *Hjørnesteinsbedrift*. Henta frå: <https://snl.no/hj%C3%B8rnesteinsbedrift>
- Idsø, J. (2019, 25. september). *Verdiskaping*. Store norske leksikon. Henta frå: <https://geografi-vgs.cappelendamm.no/vgsamf/begrep.html?tid=1210696#https://snl.no/verdiskaping>
- Jacobsen D.I. (2002) Hvordan gjennomføre undersøkelser? Dag Ingvar Jacobsen
- Jacobsen, D. I. (2015). *Hvordan gjennomføre undersøkelser? : innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Kjærland F., Mathisen T. & Solvoll G. (2012) *Verdsetting av ringvirkninger*. Publisert 2/2012. s.51-60. Hentet fra: <https://www.magma.no/verdsetting-av-ringvirkninger>

- Kaarbø, A. (2009, 24. februar). Kommunal rapport. *Høyanger får millioner i nødhjelp*. Henta frå: <https://www.kommunal-rapport.no/oekonomi/hoyanger-far-millioner-i-nodhjelp/61761/>
- Langørgen, A. (2007, 18. April). *Sentralisering – årsaker, virkninger og politikk*. Sentralistisk sentralbyrå. Henta frå: <https://www.ssb.no/offentlig-sektor/artikler-og-publikasjoner/sentralisering-aarsaker-virkninger-og-politikk>
- Leedy, P. D., & Ormrod, J. E. (2015). *Practical research: planning and design* (11 utg.). Boston: Pearson.
- Lovdata (2006, 28. november). Stortingets skattevedtak for inntektsåret 2007. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2006-11-28-1336>
- McCann, P. (2001). s.149-154. "Urban and Regional Economics" Oxford University Press, Oxford
- Melby, I. Sparby, G & Epland, J. (2005, 22.august). *Hvor mye inntektsskatt betaler vi?* Henta frå: <https://www.ssb.no/inntekt-og-forbruk/artikler-og-publikasjoner/hvor-mye-inntektsskatt-betaler-vi>
- Ohr, A. (2020). Regnskastall. *Fundo Wheels AS*. Henta frå: <https://www.regnskapstall.no/regnskapstall-for-fundo-wheels-as-100832479S0?view=full>
- Pettersen, S. (2014, 30. mai). Store norske leksikon. Makroøkonomi. *Multiplikator – økonomi*. Henta frå: https://snl.no/multiplikator_-_økonomi
- Regjeringen. (2014). *Retningslinjer for fylkesmannens samordning av statlig styring av kommunesektoren*. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/Retningslinjer-for-fylkesmannens-samordning-av-statlig-styring-av-kommunesektoren/id2008839/>
- Regjeringen. (2019.) *Inntektssystemet for kommuner og fylkeskommuner*. Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/kommuneokonomi/inntektssystemet-for-kommuner-og-fylkeskommuner1/id2353961/>
- Regnskapsloven. (1998). Lov om årsregnskap (LOV-1998-07-17-56). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-56>
- Rødland G. (2004) Vend selskapets innside ut – tilleggsinformasjon om verdiskaping, Idunn. Henta frå: https://www.idunn.no/pof/2004/02/vend_selskapets_innside_ut_-_tilleggsinformasjon_om_verdiskaping

- Reite, L. O. (2009, 11. februar). *Store ringverknader etter Fundokonkurs*. Henta frå: <https://www.nrk.no/vestland/fundokonkurs-gir-ringverknader-1.6476546>
- Sand, R. (2012) *Samfunsmessige virkninger av lokale energiselskaper*. Rapport 2012:8. Steinkjer, Trøndelag Forskning og Utvikling.
- Sand, Carlsson, Lerfald & Sivertsen (2014), *Samfunsmessige virkninger av Lierne bakeri*. TFoU-rapport 2014:13. Steinkjer, Trøndelag Forskning og Utvikling AS.
- Sander, K. (2019, 22. august) *Dokumentanalyse/innholdsanalyse*. Estudie. Henta frå: <https://estudie.no/dokumentanalyse/>
- Skatteetaten. (2020). *Arbeidsgiveravgift*. Henta frå: <https://www.skatteetaten.no/bedrift-og-organisasjon/arbeidsgiver/arbeidsgiveravgift/>
- Skatteetaten. (2020). *Arbeidsgiveravgift – soneinndeling*. Henta frå: <https://www.skatteetaten.no/satser/arbeidsgiveravgift-soneinndeling/>
- Skatteloven. (2000). *Lov om skatt av formue og inntekt*. Henta frå: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-03-26-14/*#*
- Statistisk Sentralbyrå. (2020). *Eiendomsskatt. Omfang, bruk og inntekter*.06.05.2016. Henta frå: <https://www.ssb.no/389514/eiendomsskatt.omfang-bruk-og-inntekter>
- Starheim, O. (2014, 04.April). *Felgfabrikken Fundo*. Henta frå: <https://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon-sogn-og-fjordane/historie-i-sogn-og-fjordane/historie/felgfabrikken-fundo/1901/76253/>
- Taule, Johansen. (2019, 20. september). Høyanger vgs. Vestland fylkeskommune. *Om oss*. Henta frå: <https://www.hoyanger.vgs.no>
- Vefring, S. (2010, 22. September). Om Høyanger. Høyanger kommune. Henta frå: <https://www.hoyanger.kommune.no/politikk-og-samfunn/om-hoyanger/>
- Phil, Roger. (2012) *Sponsing*, *Store Norske Leksikon*. Henta frå: <https://snl.no/sponsing>

VEDLEGG NR. 1 – INTERVJUGUIDE TIL RESPONDENTER VED HØYANGER
KOMMUNE OG FUNDO WHEELS AS.

Mitt navn er Ingrid Kreken Neset. Eg skriv våren 2020 bachelor i økonomi og administrasjon, og har valt å sjå nærare på kva økonomiske ringverknader nedlegging av ei sentral hjørnesteinsbedrift fører med seg for lokalsamfunnet. Verksemda i fokus er tidlegare Fundo Wheels AS.

Eg ynskjer å intervjuje ein talsperson for Høyanger kommune og ein frå tidlegare Fundo Wheels AS for å nytte datamateriale i mi bacheloroppgåva. Slik at eg lettare kan sjå omfanget, og nytte dette i mine vurderingar om korleis konkursen påverka omgjevnadane rundt.

Intervju vil bli sendt via e-post eller haldt ansikt til ansikt

Dato: _____

Spørsmål:

1. Kor mange sysselsette var det i verksemda?
2. Kor mange sysselsatte var det totalt i kommunen i åra 2008-2009?
3. Hadde verksemda tilsette som pendla, og kvar pendla i hovudsak desse frå?
4. Bidrog Fundo med noko sponing i lokalmiljøet? Gjerne innan idrett eller kultur?
Har de eventuelt tal på kor mykje dei bidrog med?
5. Kor mykje la Fundo igjen i kroner i lokalsamfunnet, da ved vare- og tjenestekjøp, og inntektsskatt?
6. Har de tilgjengeleg regnskapstall for det/dei siste åra Fundo var i drift? Er da ute etter tal som driftsinntekter, driftskostnader, lønnskostnader, skattekostnader og liknande.
7. I kor stor grad nytta Fundo seg av lokale produsentar?
8. Har de andre relevante opplysningar?

Takk for at dykk brukte tid til å svare på undersøkinga.

VEDLEGG NR. 2 – INTERVJUGUIDE TIL LOKALE BEDRIFTER

Mitt navn er Ingrid Kreken Neset. Eg skriv våren 2020 bachelor i økonomi og administrasjon, og har valt å sjå nærare på kva økonomiske ringverknader nedlegging av ei sentral hjørnesteinsbedrift fører med seg for lokalsamfunnet. Verksemda i fokus er tidlegare Fundo Wheels AS.

Eg ynskjer å intervjuje lokale verksemder for og finne ut kva betyding Fundo Wheels AS har hatt for deira aktivitet.

Intervju vil bli sendt via e-post eller haldt ansikt til ansikt

Dato: _____

Spørsmål:

1. Kva type verksemd er de?
2. Lokalitet?
3. Hadde du/dykk samarbeid eller økonomiske avtalar med Fundo Wheels AS?
4. Kva konsekvensar hadde avviklinga av verksemda for dykkar aktivitet?
5. Har de andre relevante opplysningar?

Takk for at dykk brukte tid til å svare på undersøkinga.



Høgskulen på Vestlandet

Bacheloroppgåve

BO6-2011 bacheloroppgåve

Predefinert informasjon

Startdato:	05-05-2020 15:00	Termin:	2020 VÅR
Sluttdato:	14-05-2020 14:00	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Bacheloroppgåve	Studiepoeng:	15
SIS-kode:	203 BO6-2011 1 BO 2020 VÅR		
Intern sensor:	Leiv Trygve Opstad		

Deltaker

Navn:	Ingrid Kreken Neset
Kandidatnr.:	324
HVL-id:	161218@hvl.no

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	10452	Inneholder besvarelsen	Nei
Egenerklæring *:	Ja	konfedensielt	
		materiale?:	

Jeg bekrefter at jeg har ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt *:

Gruppe

Gruppenavn:	Ingrid Kreken Neset
Gruppenummer:	21
Andre medlemmer i gruppen:	Deltakeren har innlevert i en enkeltmannsgruppe

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min *

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei